

I EVA EN SOCIALISTISK BYGGERISTE

FRAMSTEGET

DISKUSJONSBLAD FOR AKP(M-L)

II KVIFOR STILLES SOCIALISTISK BYGGERISTE TIL VAD ?

Ekstra - utgave  *Mars* **1979**

SP bør på det tidlige kommunestyre i kommunestyret. Vi mener dette programmet er et uttrykk for den sosialistiske bevegelse i Norge. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program.

SP mener det foregår mykje urett og at arbeidsgiverne i kommunestyret. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program.

III DEL INTERNASJONALE STØDE

Det er først og fremst behovet for sosialistisk samarbeid mellom de arbeiderklassene i USA, Canada og Norge. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program.

VALET

IV STØDE I NORSK

Den mest framtrædende årsaken til dette er i Norge. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program.

V STØDE I NORSK

Vi vil kjempe for trykningen av: (Det lokale kravet er å være en sosialistisk bevegelse). Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program. Vi mener at vi skal gå inn i valgkampen med et klart sosialistisk program.

GROVSKISSE TIL PLATTFORM FOR SOSIALISTISK BYGDELISTE

I KVA ER SOSIALISTISK BYGDELISTE ?

SB er ein open valfront tufta på eit sosialistisk grunnlag. At det innafor fronten finst fleire syn på korleis nå sosialismen, hindrar oss ikkje å samarbeida frå sak til sak.

SB er mot all imperialisme - og spesielt Sovjet og USA. Vi vil stø gjeringskampen i den tredje verda.

SB er mot det kapitalistiske systemet og vi vil konsekvent stø arbeidsfor mot kapitalmakta. *• autor. Høge / DNA / spær.*

SB har berre individuelt medlemskap. Parti eller organisasjonar kan gje si tilslutning til fronten, men kan ikkje bli organisatorisk medlem av fronten.

II KVIFOR STILLER SOSIALISTISK BYGDELISTE TIL VAL ?

SB ser på deltakinga i kommunevalet som eit middel til å fremja lokale krav. Vi seier: Dette programmet stiller vi til val på. Vi lovar at vi skal slåst alt vi vinn - både utanfor og innanfor kommunestyret - for dei krava. På jamnlege allmøte i fronten skal vi leggja framrapport om arbeid det. Men vi kan ikkje lova å få gjennom krava, for det er ikkje berre opp til oss. Vi skal gjera vårt beste, så får folk merka seg kven som går med krava og handla etter det. *• Oppfølging av krav for medlemmer*

SB meiner det føregår mykje ureint spel bak kulissane i kommunestyret. Vi vil ikkje respektera teleplikt dersom vi kjem over slike episodar. Vi se oss først og fremst ansvarlege overfor dei som stemmer på SB.

III DEN INTERNASJONALE STODA.

Det som først og fremst pregar verdssituasjonen er kapprustninga mellom dei to supermaktene Sovjet og USA. Vårt syn er at striden mellom desse to maktene om verdsherredøme kan utløysa ein ny verdskrig. Vi går difor mot at kommunevalet berre skal konsentrera seg om såkalla lokale saker. Dersom det bryt ut ein ny krig, må vi vera budd på han. Då må vi - om vi vil eller ikkje - sjå røyndomen i auga og handla ut frå realitetane. SB vil difor leggja ned ein del arbeid for å betra sikringstiltaka for lokalbefolkninga.

IV STODA I NOREG.

Den mest framtreidande sida med det norske samfunnet i dag er fylgjene av den økonomiske krisa som herjar landet. Auka arbeidsløyse, som fylgje av innskrenkingar og permitteringar og seinka kjøpekraft er viktige kjenneteikn på denne situasjonen. SB vil aktivt kjempa mot at den krisa som kapitalen sjølv har skapt skal veltast over på arbeidsfolk.

V STODA I FØRDE.

SB vil kjempa for fylgjande krav: (Dei lokale krava må vera det absolutte (HER KJEM ALLE DEI LOKALE KRAVA SOM ETTER KVART MÅ UTARBEIDAST) tyngdepkt.

VI BLI MED I ARBEIDET FOR MINST EITT MANDAT TIL SB!

FRAM FOR SOSIALISTISK BYGDELISTE

VI MÅ AVKLARA KVA VI VIL OPPNÅ MED Å DELTA I VALET.

På side 83 seier prinsippprogrammet: "DEI PARLAMENTARISKE ORGANA, STORTINGET OG KOMMUNESTYRA HAR INGA VERKELEG MAKT. DEI ER SETTE TIL Å STRØ SAND PÅ DEI AVGJERDENE KAPITALEN ELLER STATEN TEK. MEN AV DI DEI ER FOLKEVALDE OG FOLK HAR ILLUSJONAR OM DEI, ER DEI EIN VIKTIG LEKK I DET BORGARLEGE DIKTATURET - FOR BORGARSKAPET. DESSE ORGANA KAN BERRE NYTTAST SOM TALARSTOL OM KOMMUNISTAR VERT VALDE INN I DEI. PARTIET MÅ ALDRI GJE FOLK ILLUSJONAR OM AT DEI KAN OPPNÅ NOKO GJENNOM DESSE BORGARLEGE KLASSE-UNNVERKUNGSORGANA."

Dette er vårt prinsipielle syn på kommunestyret. Vi vil bruka ein evt. plass i kommunestyret som talarstol for lokale saker og krav, og vi vil sjølv sagt utnytta eitkvart høve som byr seg til å få gjennom krav - men då ved hjelp av "utanomparlamentarisk" press. Dette er ikkje å gje folk illusjonar, men det er å syna at vi er viljuge til å slåst for krava. Vi skal sei til folk at vi ikkje har noko tøy på kommunestyret og at krav berre kan pressast gjennom utanfrå. Men å avsløra kommunestyret som eit sandpåstrøingsorgan kan vi berre gjera gjennom å visa til konkrete døme, og vi må vera innstilte på ein langvarig og tolmendig jobb om vi skal greia å fjerna illusjonane om kommunestyret. I ei førkrigstid er spørsmålet om krigsfåren ikkje til å koma utanom. Dette må med.

For å oppsummera:

- a) Agitasjon og kamp for lokale krav.
- b) Skaffa bevis for at kommunestyret er eit sandpåstrøingsorgan.
- c) Propagandera for krigsfåren.

II SPØRSMÅLET OM ALLIANSAR.

Dette er eit innfløkt spørsmål, og vi må difor vera forsiktige med firkanta prinsipptrytteri, og ein-sidede vurderingar. Innlegget til K i siste Framsteget slår kategorisk fast at ei Sosialistisk Bygdeliste er revisjonisme. Til det vil eg sei at den beste måten til å avsløra SV på ikkje er å proklamera at det er borgarleg, men å koma i nærkamp med SV-medlemar og sympatisørar, få innverknad over dei og konkret syna frå sak til sak kven dei tener gjennom å støtta den politikken. Vårt utgangspunkt må vera at det store fleirtalet av SV medlemar og sympatisørar vil sosialisme og at dei ærleg ynskjer dette. Slik situasjonen er her på plassen ville vi kasta frå oss det høvet til å påverka folk med SV-sympatiar dersom vi starta "barrikadekrig" mot "borgarlege arbeidarparti og revisjonisme". Rettesnora for å vurdere spørsmålet om alliansar må vera KONKRET ANALYSE AV DEN KONKRETE SITUASJONEN. For å syna kor langt det KAN vera nødvendig å gå, skal eg bruka eit døme: I 1920 gjekk Lenin inn for at kommunistane i England skulle inngå valallianse med Labour. (tilsv. DNA) For han var dette ein taktikk for å gå massane eit skritt i møte, og dermed gjera det lettare for dei i neste omgang å fylgja kommunistane, når Labour synte at dei ikkje innfridde løftene sine. Er dette eit skrekk-eksempel på reformisme og revisjonisme eller er det konkret analyse av den konkrete situasjonen? Eg meiner det siste.

III KORLEIS ER SITUASJONEN HER PÅ PLASSEN?

a) Vi er for svake til å ha gode sjansar til å få inn ein repr. dersom vi stiller i forma RV av AKP(m-l) og uavhengige sosialistar. Vi treng over 100 stemmer og hadde litt over 50 ved Stortingsvalet for 2 år sidan. Alle forhold teke med, meiner eg det likevel er små sjansar for å greia dette målet - sjølv med knallhard innsats.

Vi må stikka fingeren i jorda. Når klassekampen ikkje er på eit høgare nivå enn han er i dag, er det eventyrpolitikk å satsa på ei fordobling av oppslutninga berre på nokre få månader.

b) S-politikken tilseier at berre ein viss prosent av dei 18 namna på lista kan vera kommunistar (medl.) Ved å "skruva folk oppover" kan vi greia dette. Men i og med at sjansane for å få inn folk gjennom ei RV-liste er såpass små, må vi vurdera uhyre nøye om det er NØDVENDIG.

c) Vi har endå eit forholdsvis lite omland som i hovudsak stør politikken til partiet, og som er viljuge til å stå på ei RV-liste. Tidsfaktoren peikar difor i retning av ei breiare liste enn det RV er. (Lang og hard jobbing for i det heile å få ei full liste.)

d) SV er - etter det ein "informert SV-medlem" seier - 14 medlemmar. All denne er ikkje viljuge til å stå på lista, og i skrivande stund er difor ikkje SV i stand til å stilla eiga liste. Men dei jobbar altså med det. Sjølv om SV har segla ein del fram den seinare tida med meir utoverretta arbeid (ungdomsklubben, t.d.), er det likevel ting som tyder på at SV føler seg underlegen partiet vårt. Dette først og fremst fordi SV har få aktivistar. Dei samla Ca. 15 stemmer meir enn oss ved Stortingsvalet, men dette er folk som først og fremst STEMMER på partiet men som ikkje vil jobba aktivt. Dette skulle tilsei at vi er sterkare ORGANISATORISK enn SV og det skulle og tilsei at vi vil koma i fleirtal på evt. allmøte. Vil SV i så fall greia å stilla eiga liste og greia å mobilisera folk mot ei Sosialistisk Bygdeliste? Det KAN henda, men i så fall vil dei ha eit mykje dårlegare utgangspunkt enn oss. Taktikken vår må i så fall vera å strekka oss så langt at vi beheld den minst SV-sjåvinistiske delen på vår side. Stille vi som RV, vil dette omlandet mellom oss og SV lett bli mobiliserte mot oss. Vi går dei difor eitt skritt i møte og kan dermed ta piffen ut av eip eige SV-utkøyr.

IV BOIKOTT ELLER EIT BREIARE ALTERNATIV ENN RV?

Eg meiner spørsmålet står slik. Boikott er eg mot fordi det set oss i ein defensiv situasjon. Og det å føra ein defensiv valkamp med boikott er både mindre entusiasme-fremjande og det gjev argumentasjonen vår mindre slagkraft. Dessutan er det sjansar for at SV vil greia å stilla liste, og det vil i så fall gje revisjonismen eit moralsk og propagandistisk overtak på oss. Og sist, men ikkje minst er eg mot boikott fordi det eksisterer eit alternativ som har bra sjansar til å få eit mandat på ei plattform vi kan akseptera. Eg er altså mot å stilla som RV og er mot å boikotta. Men eg er ikkje for ei Sosialistisk Bygdeliste som eit "dårleg alternativ." Sosialistisk Bygdeliste er rett fordi det er det einaste alternativet som fylgjer rettesnora KONKRET ANALYSE AV DEN KONKRETE SITUASJONEN.

SB er ein open valfront på ei sosialistisk plattform. Partiet er ikkje med som ein organisatorisk del av fronten, men gjev si tilslutning, og parti-folk vil jobba aktivt innafor fronten for å få ei best mogeleg plattform. Det vil ikkje bli propagandert mot partiet SV i plattformen, men den viktigaste motsetninga mellom revolusjonære og revisjonistar i ei førkrigstid - nemleg spørsmålet om supermaktene og krigsfåren - må med. (Sannsynlegvis er det på dette punktet den skarpaste kampen vilstå.) Vi må sjå på SB på same måten som bolsjevikane såg på deltakinga i dumaen: "Bolsjevikane såg på valkampen til statsdumaen som eit høve til vidtrekkjande agitasjon og propaganda, OG SOM EIT AV MIDLA TIL Å ORGANISERA MASSANE." (Mi uth., s.14 i "Bolsjevikane i tsarens parlament.") Ei Sos.Bygdeliste vil gje oss den fordelten at vi kan få organisert "sosialistane i Førde" i ein front der vi har reell innverknad over dei og der SV-medl. vil bli konfronterte med den revisjonistiske politikken frå sak til sak. Kven vil tena mest på det?

Eg er vorte bedt om å skriva innlegg om mitt syn på valet, med det forhåpentligvis bidra til å utvikla diskusjonane.

Eg vil byrja med å gjera kampanjane merksam på at eg uttalar meg på tynt grunnlag; har ikkje de søkingar blandt massane å koma til; kjennar ikkje til stoda SV på staden; har ikkje teke meg tid å studere partilinja og klassikarane i samband med valet står framføre.

Vel, kva eg meiner om parti-tilinga sitt framlegg? For det første tykkjer eg det er vanskeleg. For det andre er eg ikkje prinsippielt mot den type opplegg.

For det tredje er eg skeptisk. Eg skal freista å konkretisere: - kor å avgjere kva type valkamp vi skal drive, trur eg ikkje det er nok å sjå på programmet vårt, - kva for nokre postar for så å kjempe ut propaganda. Det er meir komplisert enn som så. Eg trur vi skal sjå like mykje på andre ting som f.eks.:

- kor sterkt står kommunistane (m.a. i innflytelse)?
- kor sterkt står revisjonismen?
- korleis er stoda blandt dei progressive massane (går dei i retning oss eller i retning revisjonistane)?
- er det òlmeint flo eller ebbe i klassekampen?
- kor viktig er det for oss å kome ut med nokre strategiske

spørsmål som f.eks. krigsfåren? Eg trur dette er nokre av dei viktigaste spørsmåla vi treng avklaring på.

Forutsatt at vi er einige om det prinsippielle. Eg ser det slik at det ikkje er prinsippielt feil å stille i ein breiare front enn kva RV er. Bolsjevikane t.d. brukte alle moglegheiter til å kome seg inn i dumaen. Ein brukbar parallell? Ikkje i det konkrete, fordi bolsjevikane jobba under eit fascistisk åk, men dømet synar likevel at det ikkje er den politiske plattformen åleine som avgjer, eller rettare: at plattformen har ulik betydning alt etter dei objektive forholda.

Det er det prinsippielle. Eg vil seie litt om kvifor eg er skeptisk til partileinga sitt framlegg. Eg oppfattar stoda slik at vi er svake og har relativt liten innflytelse, standpunkta våre lite kjend osv. Vidare at revisjonistane er endå svakare (når ein ser vekk frå antal stemmer), og at det blant dei progressive massane utvilsomt er eit sterkt ynskje om einenskap på venstresida.

Ut frå dette tykkjer eg det hadde vore gunstig å utnytte i alle høve vår organisasjonsmessige overlegenheit til å slå kiler inn i SV og trekkje nærare til oss/vinne ein del uavhengige. Vi hadde oppnådd å minst få inn ein representant, skjerp problema i SV,

ytterlegare "legalisert" AKP og sluppe "kjedeleg" boikottarbeid.

Konklusjon:

Stoda i og rundt oss gir oss nokre gode argument for å stå partileiinga sitt framlegg. Men eg oppfatter det slik at vi treng RV-arbeid. Kvifor? Fordi det er lite aktivitet på venstresida/ politikken vår er lite kjent/det er uklareheit om mange strategiske spørsmål.

Ved å drive boikottarbeid eller stille åleine oppnår vi å kome oss ut med politikken vår, konfrontere SV og skape klare liner på venstresida. Spesielt gjeld dette spørsmål som Sovjet, Kina og krigsfåren.

Eg trur dette er det springande punktet. Eg er uhyre skeptisk til å drive valkamp utan at ei rett line på desse sakene vert propagandert, fyrst og fremst ut frå kva plass i tida desse krev, men og ut frå våre behov om å avsløra SV og skape klarheit på venstresida.

Vi må vurdere kva vi taper ved å stille ei sosialistisk bygdaliste opp mot kva vi vinn, og omvendt, kva vi vinn ved å drive RV-arbeid opp mot kva vi taper ved å gjere det.

Konklusjon:

Eg er mot å gå inn for ei plattform som ikkje går mot Sovjet og avslører krigsfåren. Om dette tyder at vi må kjenpe mot SV eller at vi har med oss deler av SV tykkjer eg er mindre viktig.

Vi får sjå tinga an og gjera det som krevst av oss.

Eg er skeptisk til ei "sosialistisk bygdaliste" fordi eg ikkje ser at vi kan klare dette utan ganske harde diskusjonar med dei uavhengige progressive, og utan ganske hard kamp med delar av SV som vi ynskjar å ha med. Då sit vi att med RV eller RV med anna namn.

Det er mogleg eg tek feil, men dersom eg ikkje gjer det og vi freistar å lage noko samlande vil vi og få tidsfaktoren mot oss. Den har også ganske stor betydning.

Denne ekstrautgåva av "Framsteget" kjen for å gje eit puff til diskusjonane om valet. Vi vonar at desse synspunkta + DINE vil vere med å løysa denne "floka".

Til slutt vil eg utfordra "Erasmus" til å svara på korleis han ville ha løyst denne motseiinga. Jmfør art. i Framsteget nr. 4/78.

Red.

Begge innlegga er diskusjonstx utkast - det same gjeld skissa til plattform for SB. Kameratar! Ver raske med å ta stilling, tida arbeider! mot oss. Slik stoda i partiet er no, er det uforsvarleg av DS å ta avgjerd om lina for valet, då motseiingane står såpass skarpt og ingen av alternativa ser ut til å ha fleirtalet i partiet med seg. (Korkje SB, RV eller boikott) Midten av mars må vi ta endeleg standpunkt.

På oppdrag NN